



STORTINGET

Innst. 493 S

(2020–2021)

Innstilling til Stortinget
fra utenriks- og forsvarskomiteen

Dokument 8:279 S (2020–2021)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Liv Signe Navarsete, Per Olaf Lundteigen og Åslaug Sem-Jacobsen om å utarbeide ein heilskapleg plan for Forsvaret for å nå målsetjingane som er nedfelte i FN sin agenda for kvinner, fred og sikkerheit, lov om likestilling og forbod mot diskriminering samt arbeidsmiljølova

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa utarbeide ein heilskapleg plan for Forsvaret for å nå målsetjingane som er nedfelte i FN sin agenda for kvinner, fred og sikkerheit, lov om likestilling og forbod mot diskriminering samt arbeidsmiljølova. Planen må inkludere alle operative domene, HR og utdanning, deira strukturar, prosessar og kultur og innehalde delmål og tidsfristar for gjennomføring.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslaget.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jette F. Christensen, lederen Anniken Huitfeldt, Martin Kolberg, Marianne Marthinsen og Jonas Gahr Støre, fra Høyre, Hårek Elvenes, Trond Helleland,

Ingjerd Schou og Michael Tetzschner, fra Fremskrittspartiet, Siv Jensen, Christian Tybring-Gjedde og Morten Wold, fra Senterpartiet, Emilie Enger Mehl og Liv Signe Navarsete, fra Sosialistisk Venstreparti, Audun Lysbakken, fra Venstre, Trine Skei Grande, og fra Kristelig Folkeparti, Geir Sigbjørn Toskedal, viser til at Norge har hatt en politisk ambisjon om å være internasjonalt ledende i implementeringen av kvinner-, freds-, og sikkerhetsagendaen helt siden den første nasjonale interdepartementale handlingsplanen (NAP) kom i 2005. Senere har denne vært fulgt opp med tre nye NAP-er. Disse legger blant annet vekt på behovet for kjønnsperspektiv i alle deler av Forsvarets virksomhet både internt og eksternt. Komiteen viser videre til at Forsvaret er pålagt å jobbe aktivt for likestilling og ikke-diskriminering gjennom lov om likestilling og forbud mot diskriminering som trådte i kraft 1. januar 2018.

Komiteen er klar over at arbeidet med likestilling i Forsvaret er intensivert de siste årene. Forskning, studier og undersøkelser har bidratt til en klarere forståelse av utfordringer og aktuelle tiltak. Et slikt utviklingsarbeid tar tid. Komiteen vil allikevel understreke det alvorlige i at MOST-undersøkelsen (undersøkelsen om mobbing og seksuell trakassering i Forsvaret) viser at 22 pst. av de spurte har opplevd en eller annen form for seksuell trakassering i løpet av det siste året. Kjønnsforskjellen i svarene er betydelig. 14 pst. av mennene svarer bekreftende, mens hele 46 pst. av kvinnene gjør det samme. Undersøkelsen avdekker at trakasseringen blant annet innebærer uønsket seksuell oppmerksomhet, samt tilfeller av seksuelt press og seksuelle overgrep.

Komiteen viser til forsvarsministerens brev av 19. april 2021 hvor han skriver at det er stilt tydelige krav

til Forsvaret om systematisk og målrettet arbeid med å motvirke mobbing og seksuell trakassering. Allikevel avdekker forskning at Forsvaret har utfordringer knyttet til implementering av kjønnsperspektiv og arbeidet med kvinner, fred og sikkerhet. I brevet skriver forsvarsministeren:

«Manglande utarbeiding av ein heilskapeleg gjennomføringsplan har vore ei av desse utfordringane.»

«Delar av forskning rettar eit særleg kritisk søkelys på Forsvarets løysing av oppdrag gitt av regjeringa og forpliktingar overfor FN og NATO.»

På denne bakgrunn mener komiteen at regjeringen må ta et større politisk ansvar for utviklingen av en helhetlig strategi for å sørge for at FN-agendaen for kvinner, fred og sikkerhet implementeres på en tilfredsstillende måte internt i Forsvaret.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Venstre og Kristelig Folkeparti viser til representantforslaget. Disse medlemmer deler forslagsstilleres syn på at arbeidet med å nå målene i FNs agenda for kvinner, fred og sikkerhet, samt arbeid for likestilling og mangfold, krever oppfølging for å nå målene som er satt.

Disse medlemmer mener en kultur for mangfold og likestilling gjør organisasjonen bedre rustet til å løse de komplekse og alvorstunge oppdrag Forsvaret er gitt. Dette arbeidet er intensivert de seneste årene. Disse medlemmer viser til at Forsvaret aktivt arbeider for å fremme likestilling og mangfold, i tråd med lov om likestilling og forbud mot diskriminering. Dette arbeidet har etter disse medlemmers syn blitt systematisert, og det er stilt tydeligere krav til Forsvaret om systematisk og målrettet arbeid for å motvirke mobbing og seksuell trakassering.

Disse medlemmer merker seg at Forsvarsdepartementet er kjent med forskning som peker på utfordringer knyttet til gjennomføring av FN-resolusjon 1325 om kvinner, fred og sikkerhet i Forsvaret, og at manglende utarbeidelse av en helhetlig gjennomføringsplan har vært en av utfordringene. Disse medlemmer merker seg at Forsvarsdepartementet har iverksatt tiltak for å sikre at oppdrag som er gitt Forsvaret, ivaretas i tråd med regjeringens handlingsplan på feltet.

Disse medlemmer viser til at feltet kvinner, fred og sikkerhet er et av regjeringens prioriterte områder. Det samme gjelder arbeidet for mangfold, likestilling og mot diskriminering. Disse medlemmer anser den samlede innsatsen på disse feltene innen forsvarssektoren som del av et langsiktig og kontinuerlig arbeid som de siste 15 årene har vært gradvis utviklet og systematisert gjennom økte politiske ambisjoner, tyde-

ligere oppdrag til sektoren, og et stadig bedre kunnskapsgrunnlag.

Disse medlemmer merker seg like fullt at en for stor andel av Forsvarets personell utsettes for mobbing, trakassering og seksuelle overgrep, jf. MOST-undersøkelsen for 2020. Disse medlemmer er av den oppfatning at Forsvaret tar disse funnene på høyeste alvor, jf. Forsvarssjefens uttalelser om saken.

Disse medlemmer understreker at Norge er et foregangsland hva gjelder gjennomføring av FN-resolusjon 1325. Disse medlemmer mener det er oppløftende at Forsvaret er i ferd med å utvikle en helhetlig plan for kvinner, fred og sikkerhet, og at Forsvarssjefen i 2020 iverksatte en helhetlig revisjon av Forsvarets arbeid innenfor mangfold og likestilling. Disse medlemmer merker seg at Forsvarsdepartementet fremover vil følge opp dette arbeidet.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti ser det som svært positivt at statsråden i svarbrev til komiteen ser behovet for meir systematikk i Forsvaret sitt arbeid med kvinner, fred og sikkerheit samt mangfald og likestilling. Vidare merkar desse medlemene seg at sjølv om dette har vore eit prioritert område for regjeringa, er fortsatt manglande kunnskap og systematikk i arbeidet ei utfordring. Desse medlemene merkar seg også dystre tal i MOST-undersøkingar som har vore gjennomførte dei siste åra. Desse medlemene vil understreke at det er viktig for forsvarevna at dette arbeidet lukkast betre enn i dag.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet merkar seg at arbeidet med kvinner, fred og sikkerheit blir jobba aktivt med i NATO. Desse medlemene viser vidare til at NATO for tida mellom anna jobbar med å utvikle formell politikk for korleis ein kan førebyggje og agere mot kjønnsbasert og seksualisert vald i krig og konflikt. Det er knytt uro frå NATOs side til bruken av seksualisert vald mot kvinner i konflikt, men også i aukande grad mot menn. Desse medlemene viser til at ein viktig del av dette arbeidet handlar om bevisstgjeri i alliansen og forsvaret i dei ulike NATO-landa. Desse medlemene meiner difor at det er viktig at det norske Forsvaret følger dette opp internt og får på plass ein fullverdig plan.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti fremmer følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa utarbeide ein heilskapeleg plan for Forsvaret for å nå målsetjingane som er nedfelte i FN sin agenda for kvinner, fred og sikkerheit, lov om likestilling og forbod mot diskriminering samt arbeidsmiljølova. Planen må inkludere alle operative domene,

HR og utdanning, deira strukturar, prosessar og kultur og innehalde delmål og tidsfristar for gjennomføring.»

Forslag fra mindretall

Forslag fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa utarbeide ein heilskapleg plan for Forsvaret for å nå målsetjingane som er nedfelte i FN sin agenda for kvinner, fred og sikkerheit, lov om likestilling og forbod mot diskriminering samt arbeidsmiljølova. Planen må inkludere alle operative domene, HR og utdanning, deira strukturar, prosessar og kultur og innehalde delmål og tidsfristar for gjennomføring.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

Dokument 8:279 S (2020–2021) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Liv Signe Navarsete, Per Olaf Lundteigen og Åslaug Sem-Jacobsen om å utarbeide ein heilskapleg plan for Forsvaret for å nå målsetjingane som er nedfelte i FN sin agenda for kvinner, fred og sikkerheit, lov om likestilling og forbod mot diskriminering samt arbeidsmiljølova – vedtas ikke.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 19. mai 2021

Anniken Huitfeldt

leder

Marianne Marthinsen

ordfører



Stortingets president

Dykkar ref.:
Brev datert 19.04.21

Vår ref.:
2021/799-8/FD V 4/OMT

Dato:
27.04.2021

Anmodning om departementets uttalelse til Dokument 8:279 S

Eg viser til brev frå Utenriks- og forsvarskomiteen av 19. april 2021 med oppfordring om kommentar til representantforslag (Dok 8: 279 S) frå stortingsrepresentantane Liv Signe Navarsete, Per Olaf Lundteigen og Åslaug Sem-Jacobsen, om å utarbeide ein heilskapleg plan for Forsvaret for å nå målsetjingane som er nedfelte i FN's agenda for kvinner, fred og sikkerheit, lov om likestilling og forbod mot diskriminering samt arbeidsmiljølova.

Eg deler synet til representantane om at arbeidet med kvinner, fred og sikkerheit, samt likestilling og mangfald, krev oppfølging for å nå måla som er sette. Ein kultur for mangfald og likestilling gjer organisasjonen betre rusta til å løyse dei komplekse og alvorlege oppdraga Forsvaret er gitt. Dei siste åra er arbeidet intensivert, sjølv om det framleis er behov for meir systematikk.

I svaret mitt på spørsmål til skriftleg svar frå representanten Lundteigen av 24. mars 2021 (Dokument nr. 15:1667 (2020-2021)) gjorde eg greie for ei rekke område der Forsvaret arbeidar aktivt med likestilling og mangfald, slik lov om likestilling og forbod mot diskriminering krev. Eg viste òg til at dette arbeidet har vorte systematisert med aktivitets- og utgreiingsplikta, og at det er stilt tydelege krav til Forsvaret om systematisk og målretta arbeid med å motverka mobbing og seksuell trakassering.

I svaret mitt på spørsmål til skriftleg svar frå representant Navarsete av 24. mars 2021 (Dokument nr. 15:1670 (2020-2021)) opplyste eg at Forsvarsdepartementet er kjent med forkinga som har peika på utfordringar knytte til gjennomføringa av FN-resolusjon 1325 om kvinner, fred og sikkerheit i Forsvaret. Manglande utarbeiding av ein heilskapleg gjennomføringsplan har vore ei av desse utfordringane. Eg opplyste òg om at Forsvarsdepartementet har sett i gong tiltak for å sikre at oppdraga som blir gitt Forsvaret blir ivaretekne i tråd med handlingsplanen til regjeringa.

Som representantane viser til i forslaget, er kvinner, fred og sikkerheit eit av regjeringas uttalte prioritetsområde. Det same gjeld arbeidet for mangfald, likestilling og mot diskriminering. Den samla innsatsen på desse områda i forsvarssektoren er del av eit langsiktig og kontinuerleg arbeid, som dei siste 15 åra har vorte gradvis utvikla og

systematisert gjennom auka politiske ambisjonar, tydelegare oppdrag til sektoren, og eit stadig betre kunnskapsgrunnlag. Fleire års forskning, studiar og undersøkingar, har ført til auka forståing for dei forskjellige fagområda og ei klarare forståing for aktuelle tiltak.

Likevel er dette eit langsiktig arbeid der resultatene kjem gradvis over tid. Trass i ei positiv utvikling frå 2018, viser resultatene frå MOST-undersøkinga for 2020 at ein for stor del av personellet i Forsvaret framleis blir utsett for kritikkverdige forhold. Fleire personar rapporterer òg om alvorlege forhold som seksuelle overgrep. Undersøkinga viser samtidig at under halvparten av dei som har opplevd mobbing og trakassering har varsla om dette. Generaladvokatens årsrapport for 2020 peikar på si side på at det i 2020 vart gitt berre éi refsing i Forsvaret knytta til mobbing og seksuell trakassering. Det har ikkje vore saker i 2020 der brot på militær straffelov, knytt til mobbing og seksuell trakassering, har enda med dom.

Forskning og studiar har òg medverka til å identifisere utfordringar knytt til implementering av kjønnspektiv og arbeidet med kvinner, fred og sikkerheit i Forsvaret. Delar av forskinga rettar eit særleg kritisk søkelys på Forsvarets løysing av oppdrag gitt av regjeringa og forpliktingar overfor FN og NATO. Forsvaret opplyser om at manglande kunnskap og systematikk i arbeidet tidlegare har vore ei utfordring i handteringa av oppdraga gitt av regjeringa. Samtidig understreker Forsvaret at internasjonalt er Noreg eit av foregangslanda innanfor gjennomføring av FN-resolusjon 1325. Som ein av grunnleggarane av Nordic Center for Gender in Military Operations (NCGM), og med deployering av Gender Advisors (GENADs) til ISAF/RSM i perioden 2009-15, har det norske Forsvaret vore relativt tungt involvert i agendaen for kvinner, fred og sikkerheit internasjonalt.

Forsvaret opplyser vidare at ein heilskapleg plan for området kvinner, fred og sikkerheit er under utvikling. Planen skal leggje til rette for implementering av tidlegare og nye oppdrag gitt av departementet. For å styrke implementeringsarbeidet i Forsvaret er det òg oppretta ei ny stilling som Gender Adviser i Forsvarsstaben, med ansvar for saksområdet. Forsvaret opplyser at dei òg er i ferd med å ferdigstille ein overordna plan for betre kjønnsbalanse i Forsvaret, og at dei samtidig vil utvikle ein heilskapleg plan for mangfaldsarbeidet i organisasjonen.


Forsvarssjefen iverksette i 2020 ein revisjon av Forsvaret sitt arbeid på likestillings- og mangfaldsområdet. Formålet var primært å vurdere Forsvaret sitt arbeid med likestillings- og diskrimineringslova. Gjennomføringa av FN-resolusjon 1325 om kvinner, fred og sikkerheit ble også omtalt i revisjonsrapporten. Revisjonen kjem med kritikk om manglande systematisk oppfølging, og synleggjer eit betringspotensial i arbeidet med desse fagområda i Forsvaret. Forsvaret er i ferd med å vurdere korleis tilrådingane skal følgjast opp.

Eg meiner at det er viktig for gjennomføringa og måloppnåinga at Forsvaret sjølv eig og står for utvikling av ei slik heilskapleg tilnærming, og at tiltak som er sett i verk blir vidareførte og vidareutvikla som ein integrert del av eit slikt arbeid. I gjennomføringa av arbeidet meiner eg òg at det er viktig at dei konkrete målsettingane innanfor dei ulike fagområda blir operasjonaliserte og følgde opp som separate område innanfor ei heilskapleg tilnærming.

Forsvarsdepartementet vil framover ha sterk oppfølging av dette arbeidet, gjennom tydelege krav til oppdragsløysinga og hyppig rapportering på status. For å sikre ein god gjennomføring, er det viktig at denne oppfølginga skjer innanfor den ordinære styringa av Forsvaret.

Derfor meiner eg at Forsvaret sjølv må få oppgåva med å utvikle dei konkrete planane for det vidare arbeidet.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Frank Bakke-Jensen', with a long, sweeping flourish extending to the right.

Frank Bakke-Jensen

